

Vedtekter for Eidfjord ungdomsråd 2021

Revidert i UNG – 21/002 og KST – 21/016

§1. Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Ungdomsrådet i Eidfjord er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i kommunen.

1.2 Føremål

- Å ha eit organ som arbeider for ungdommane sine interesser og talar deira sak i kommunen.
- Å vera orienterte om alle saker i kommunen gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Rådet skal arbeida med saker som ungdom i Eidfjord er opptekne av.
- Rådet er høyrings- og rådsorgan for kommunen i saker som vedkjem barn og ungdom. Dette gjeld både i enkelt- og plansaker.
- Å stimulera til samfunnsengasjement og sikra kontinuitet i ungdommens deltaking gjennom regelmessige møte i ungdomsrådet.
- Leggja til rette arenaer der ungdom generelt får uttala seg om saker.

Eidfjord ungdomsråd sine oppgåver er bl a.

- Å fordela økonomiske midlar til tiltak av interesse for ungdom.
- Å skapa møteplassar for ungdom.
- Å styrkje barn og unge sitt samfunnsengasjement
- Å etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem barn og unge.
- Syta for at barn og unge i kommunen har kjennskap til ungdomsrådet og tala deira sak.
- Samarbeid med tilsvarande organ i kommunen og andre kommunar.

§ 2. Funksjonstid og samansetjing

2.1 Valperiode

- Ungdomsrådet er sett saman av 5 personar. Det skal veljast inn 3 og 2 faste medlemmer for 2 år og 2 vara for 1 år ved kvart val.
- Dei som har fått flest stemmer og kan veljast for 2 år, vert automatisk vald for 2 år. *Dersom fleire har likt stemmetal vert det avgjort ved loddtrekning*
- Det kan veljast inn til 2 varamedlemmer
- Val og konstituering skal skje innan 1. januar kvart år.

2.2 Samansetjing

- Til ungdomsrådet skal det veljast medlemmer i alderen 13 – 18 år. Dersom ein fyller 18 beheld ein plassen sin i ungdomsrådet ut valperioden.
- Minst 2 medlemmer skal vera i ungdomskulealder.
- Ungdomsrådet står fritt til å oppnemna personar til arbeidsgrupper/utval som gjeld ungdom. Her må minst 1 medlem frå ungdomsrådet vera med.

2.3 Konstituering

Kommunestyret konstituerer ungdomsrådet, ungdomsrådet kjem sjølv med framlegg til leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar vert vald. Koordinator frå administrasjonen har sekretær- og kasserarfunksjonen.

2.4 Talerett

Leiar eller dei/den ungdomsrådet bestemmer har talerett i formannskap og kommunestyre.

Ordfører, varaordfører og rådmann har møte-, tale- og forslagsrett på møta i ungdomsrådet.

§ 3. Kontaktperson

3.1 Funksjonstid

Ordfører er ungdomsrådet sin kontaktperson, og varaordfører er varakontaktperson. Funksjonstida er 4 år.

Sekretær stiller på rådsmøtet til Hardanger Ungdomsråd når dette vert halde i Eidfjord.

3.2 Oppgåver

Kontaktpersonen sine oppgåver er bl a:

Hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunale organ.

Ha ansvar for at saksdokument i aktuelle saker vert oversendt leiaren minst 14 dagar før møte i ungdomsrådet.

Hjelpa til ved val.

Samarbeida med koordinator om praktisk tilrettelegging ved møte og andre tiltak i regi av ungdomsrådet.

Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet.

Ha ansvar for opplæring, jmf § 6.

§4. Møteverksemd

4.1 Møte

Ungdomsrådet skal ha minst 1 ope møte pr år der alle ungdommar i kommune er inviterte. I samband med opne møter skal ungdomsrådet ha møte både før og etter. Elles møter ungdomsrådet etter behov. Desse møtene kan skje i samband med allmøte på fritidsklubben.

Det skal sendast møteinnkalling med saksframlegg til medlemmane 1 veke før møte.

Det skal sendast referat (møteprotokoll) over alle møte i ungdomsrådet.

Ungdomsrådet kan invitera politikarar og administrasjon til møte for å få orienteringar, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

Minst 50% av medlemmane må vera tilstades for at møtet skal vera godkjendt

Ungdomsrådet skal dersom det er mulig setja opp møteplan for eit halvt år. Denne skal sendast til ordfører og rådmann.

§ 5. Sakliste

1. Opning

2. Godkjenning av innkalling

3. Godkjenning av sakliste

4. Statusrapport – økonomi

5. Handsaming av saklista

6. Ymse

§ 6. Val og opplæring

6.1 Val

Val av medlemmer til ungdomsrådet skal skje på i Fritidsklubben innan 1. januar.

6.2 Opplæring

Opplæring i demokrati / vedtaksprosessar og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang skal skje som eit samarbeid mellom skule, politisk kontaktperson, Hardanger Ungdomsråd og koordinator innan 1. februar.

§ 7 Evaluering av vedtektene

Vedtektene skal takast opp til evaluering av ungdomsrådet minst annakvart år slik at kommunestyret får vedtektene til vurdering minst ein gong i val perioden.

§ 8 Møtegodtgjersle.

1. Eidfjord kommunestyre vedtok i KST 014/12 å innføra møtegodtgjersle til Eidfjord Ungdomsråd etter regelverk for godtgjersle for folkevalde. Leiargodtgjersla vert lagt til gruppe III. Møtegodtgjersla vert regulert årleg likt med andre i gruppa. Møtegodtgjersla gjeld ordinære møter. Eidfjord kommune dekker også møtegodtgjersle/reiseutgifter for medlemmar som er valgt inn i Hardanger Ungdomsråd.

2. 50% av møtegodtgjersla går til kvar av medlemmane for kvart ordinære møte. Dei resterande 50% går til felleskassa i ungdomsrådet. Det same gjeld for møte i Hardanger Ungdomsråd. Leiargodtgjersla vert utbetalt til leiaren.